

Vedlegg 1 – Bilder av isforhold på Hamlagrøvatnet, påsken 2022

For å koma til hyttefeltet med snøskuter må ein anten gjennom Kyrkjevika eller over Lomatjørn. Kyrkjevika vert tømd for vatn før ein når LRV. I utløpet vert der då ei elv som kan vera stygg å koma over.



Kyrkjevika - utsikt mot nord-vest 1




Kyrkjevika – utsikt mot nord-vest 2




Utsikt inn i Kyrkjevika frå vest

Vedlegg 1 – Bilder av forholda ved Lomatjørn, hausten 2021. Viser utgraving og uføreseieleg elvelaup i utløpet av kanalen frå Breisetetjørn til Lomatjørn og vidare til Hamlagrøvatnet



I) Overføringskanal frå Breisetetjørn renn inn i Lomatjørn. Elvedelta i stadig endring gir svært utrygge forhold om vinteren.




III og IV) viser detaljar frå elva si graving mellom tunell og Lomatjørn.

IV)



III)



II) Utløpet frå Breisetetjørn sett frå rett over tunellen. Lomatjørn til høgre og Hamlagrøvatnet øverst i biletet. Som ein ser er heile dalen full av tilfeldige kanalar elva har laga gjennom mange år.

Vedlegg 1 – Bilder av forholda ved Lomatjørn, påsken 2022



Overføringskanal frå Breisete. Teke i elvesvingen nedom «fossen» frå sør-vest mot Lomatjørn.

Snøskuter kan ikkje nytta sommarbrua og må først kryssa overføringskanalane på bildet. Så må den ut på is som kan vera usikker grunna straumen i elva.



Same stad, men retning sørover mot «fossen». Fokksnø gjer det vanskeleg å sjå kvar det er trygt



C Sjå og vedlegg 3)

Sommarbrua over overføringskanal ut or Lomatjørn, mot Hamlagrøvatnet i nord-vest (Kjerringfjell i bakgrunnen). Er det mykje snø eller snøfokk over lang tid, blir det uråd å entra brua på ski eller til fots. Raud line/skravering viser kvar snøskavlane gjerne ligg. Brua kan ikkje bera snøskuter.

Vedlegg 1 – Bilder av isforhold på Hamlagrøvatnet



Ein person har gått gjennom isen nedanfor Søreplassen.
Tilfeldigvis filma med eige actionkamera og han gjekk heldigvis ikkje åleine.



Bratt opp ved LRV – mellom Kyrkje- og Svortevika



Kryssing av isen med snøsørpe og overvatn
i 2014. Dei mange spora viser at det er denne
vegen som vert nytta – så sant det er mogeleg

Vedlegg 2 – Inntak Viåni (60° 29' 20" N 6° 8' 33" E)

Elva samlar nedbør frå eit stort område med lite vegetasjon. Ved mykje nedbør aukar elva raskt og blir svært stri med sterk straum



a) Inntaket sett frå sør



b) Inntaket sett frå vest

Her er det ikkje lett å sjå at det medfører livsfare å falla i vatnet!

A sti


B T-merke på stein

C Utgangspunkt for bilete c)



c) Inntaket sett frå stien

Vedlegg 3 – Forslag til løysing, sikker vintertasé. I) Kart



A) Hamlagrøvatnet er grunt mellom Dyrnes og Sandneset. Etter kort tids tapping vert mykje av botnen liggjande tørr og det dannar seg ei elv mellom vest- og midt-delen av vatnet (sjå bilete lenger nede).

Ved å laga ei vinterbru her, som vil vera under vatn om sommaren når magasinet fyller seg opp, kan ein få til trygg kryssing på ski og med snøskuter utan å gå over isen.

B) Flaumelvar som har laga gjel som strekkjer seg ned i vatnet. Elvane har grave seg ned og inn i terrenget gjennom mange år med låg vasstand. Det er bru over ei av elvane, Sveinsosen, som kan nyttast sommarstid, men om vinteren endar brua oftast i ein 3-4 meter høg fokkskavl av snø.

C) Om vinteren er området ved Lomatjørn einaste veg inn til Hyttefeltet i Kyrkjevika utanom over isen på vatnet. Diverre er det inga trygg kryssing av overføringskanalen frå Breisete (sjå bilete lenger nede))


- P** Søreplassen
- +** Øystese Røde Kors, Hjelpekorps
- ▬** Utbetring / vinterbru
- ↔** Vinterrute / skutertrasé

A)
Vinterbru mellom vestre og midtre del av magasinet
Bygd slik at den normalt er synleg i tida 1. jan – 01. mai og under vatn resten av året.
Nøyaktig lengd og plassering er uvis, då magasinkart er mangelfullt (målt opp for meir enn 100 år sidan)

B)
Vinterbru / utbetring ved flaumelva Sveinsosen.
Bru må kunna bera snøskuter og vera plassert trygg for «kjøve» og skavl-danning ved fokksnø. Kan Elevelaupet endrast?

C)
Vinterbru / utbetring i overføringskanal Breisete - Hamlagrø
Evt. bru må kunna bera snøskuter og vera plassert trygg for skavl-danning

Vedlegg 3 – Forslag til løysing, sikker vintertasé. II) Magasinkart



Her er dei same punkta vist på Eviny sitt magasinkart frå revisjonsdokumentet. Kartet er målt opp for over 100 år sidan og i følgje Eviny (ved Svenn Rognås 15.03 i år) så har dei ikkje betre kart.

Om nøyaktig plassering ikkje kan fastsetjast, meiner KH at bileta vi har lagt ved viser at det med relativt enkle tiltak er mogeleg å laga ein trygg vinterveg over magasinet ved **A)**

- P** Søreplassen
- +** Øystese Røde Kors, Hjelpekorps
- ==** Utbetring / vinterbru

A)
Vinterbru mellom vestre og midtre del av magasinet
Bygd slik at den normalt er synleg i tida 1. jan – 01. mai og under vatn resten av året.
Nøyaktig lengd og plassering er uviss, då magasinkart er mangefult (målt opp for meir enn 100 år sidan)


B)
Vinterbru / utbetring ved flaumelva Sveinsosen.
Bru må kunna bera snøskuter og vera plassert trygg for «kjøve» og skavl-danning ved fokksnø. Kan Elevelaupet endrast?

C)
Vinterbru / utbetring i ovberføringskanal Breisete - Hamlagrø
Evt. bru må kunna bera snøskuter og vera plassert trygg for skavl-danning


Vedlegg 3 – Forslag til løysing, sikker vintertasé. III) Bilde nær LRV



Bilete teke frå Dyrnes 23. mai 2021, retning Nord mot Sandneset og Grønestad



Vedlegg 3 – Forslag til løysing, sikker vintertasé. IV) terrengprofil



«Elva» mellom vest- og midt-delen av magasinet sett frå vegen ved Grønstad. Til v, påsken 2022. Til h, mai 2022



Frå isen på midtre del av Hamlagrøvatnet, retning vest mot Lii. Elv mellom vestre og midtre del er godt synleg. Vatnet er her nær LRV (563 moh). **Kan det lagast ei vinterbru her?**



--- Kva er høgda her?